

Avtale vedrørende lokale for tidtaking og sekretariat i NBK klubbhus

Det er 10.02.2017 inngått følgende avtale mellom Lindås kommune, Nordhordland Ballklubb og FIL AKS 77, vedrørende lokale for tidtakarbu og sekretariat for friidrettsstemne i Nordhordland Ballklubb sitt klubbhus ved Knarvik stadion. Denne avtalen erstatter alle tidlegare skriftlege og munnlege avtalar som måtte vera inngått om same sak.

Avtalepartar:

- Lindås kommune:** Eigar av Knarvik stadion og grunnen der Nordhordland Ballklubb klubbhus er plassert.
- Nordhordland Ballklubb:** Eigar av Nordhordland Ballklubb klubbhus.
- Friidrettslaget AKS 77:** Brukar og arrangør av stemne på Knarvik stadion.

Grunnlag for avtale:

Partane er samde om at ein føresetnad for godkjenning av Nordhordland Ballklubb Klubbhus, var at huset skulle romma tenleg lokale for tidtaking/sekretariat for Knarvik stadion. Partane er vidare samde om at det aktuelle lokalet skal kunna nyttast av Nordhordland Ballklubb, alle dagar kor det ikkje pågår friidrettsstemne på Knarvik stadion.

Retten til tidtakarbu og sekretariat gjeldt for friidrettslag/friidrettsarrangement Lindås kommune gir løyve til å bruka Knarvik stadion.

Vidareføring ved eventuell organisatorisk endring:

Partane er samde om at denne avtalen skal vidareførast sjølv om FIL AKS 77, Nordhordland Ballklubb eller begge, på eit tidspunkt skiftar namn, fusjonerar med anna idrettslag eller inngår i anna idrettslag.



Vidare skal avtalen vidareførast sjølv om Lindås kommune på eit tidspunkt går saman med andre kommunar eller inngår i ny kommune.

Varighet for avtale og eventuelle konflikter:

Avtalen gjeldt inntil vidare. Dersom nokon av partane ønskjer det, skal avtalen takast opp og reviderast etter endt haustsesong. Dersom det skulle oppstå usemje kring avtalen, skal dette først freistast løyst gjennom forhandlingsmøte med Lindås kommune, Nordhordland Ballklubb og FIL AKS 77. Om dette ikkje fører fram, skal saka bringast opp for Lindås Idrettsråd og søka avgjerd der.

Avtalen inneber:

Det skal vera tilgjengeleg rom for tidtaking og sekretariat for friidrettsstemne, i Nordhordland Ballklubb Klubbhus. I rommet vert det montert ei praktisk løysing som sikrar at tidtakarutstyr kan stå oppmontert og kalibrert kontinuerleg, samstundes som det kan haldast innelåst. Terrassedør vert skifta til dør med stor glasflate for å sikra tilstrekkeleg sikt for tidtakar. Lindås Kommune tek kostnad og arbeid for å få løysinga på plass. Arbeidet skal vera ferdig i god tid før første friidrettsstemne i 2017.

Dagleg drift:

Nordhordland Ballklubb pliktar å skaffa FIL AKS 77 to sett med nøklar som sikrar tilkomst til rommet. FIL AKS 77 pliktar å oppbevare desse på ein trygg måte. Ved tap av nøkkel må FIL AKS 77 kosta ny.

FIL AKS 77 pliktar å informera Nordhordland Ballklubb om datoar og tidsbruk for stemne så snart årleg terminliste er klar.

Nordhordland Ballklubb har dagleg drift og reinhald av rommet. FIL AKS 77 pliktar å rydda og reingjera etter sin aktivitet for kvar gong laget har nytta rommet.


Dersom Nordhordland Ballklubb på eit seinare tidspunkt skulle ønskja å byggja om det aktuelle rommet, skal dette først avklarast med dei andre avtalepartane. Slik ombygging kan berre skje dersom det sikrar tilstrekkelege fasilitetar for tidtaking og sekretariat for friidrettsanlegget.

Knarvik 10.02.2017

Nordhordland Ballklubb



FIL AKS



Lindås kommune

